

Fiber snart til Klammeren

30.06.2011



Endepunktet så langt er ved Klammeren og der står denne rullen.

3 montører frå Kristiansand-firmaet Opp er no i gang med å montera fiber på høgspentlina gjennom Uskedalen og opp til Klammeren. Marknadskoordinator Arne Torget i Kvinnherad Breiband opplyser at 50 potensielle fiberbrukarar har fått tilbod om å knytta seg til og han antar at 25-30 vil gjera det. Dette store tekniske framsteget vil førebels ikkje nå lenger oppover. Ovanfor Klammeren vil dei framleis vera avhengige av det trådlause tilbodet dei fekk for få år sidan.

Når det blir fiber også i denne siste delen av bygda som manglar det avheng av SKL og den nye høgspentlinna.

Etter planen skal fibertilbodet fram til Klammeren vera fullført i august, men dei første vil truleg kunne knyttast til relativt snart. Torget oppmodar så mange som mogeleg av dei som har fått tilbodet om å svara på det snarast. Det nødvendige skjema finn dei på heimesida til Kvinnherad Breiband.

Det har trukke ut litt med denne montasjen fordi Kvinnherad Breiband ikkje kunne nyttar dei montørar som gjer teneste hos dei til dagleg. Det måtte spesial-ekspertise til og den måtte naturleg nok hentast i eit spesialfirma.

Kristiansand-firmaet tar på seg kompliserte og utfordrande oppdrag på kraftleidningsnettet, gjerne i vanskeleg terrenn..

Av Ola Matti Mathisen

